



Tursletten

Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Dette ligg aust for Storsteinrusten ved vatnet nørdest i Nordherad. I 1865 var Hans Thoresen f. 1818 brukar i Tørsletten, i 1875 er han også nemnd som tømmermann. Hans fekk feste på Tursletten i statsalmenninga i 1872. Hans vart i 1848 gift med Kari Larsdotter Hestulen f. 1824, dei budde truleg i Hestulen fyrste åra. Hans og Kari reiste til Amerika i 1878, dei hadde barna

Lars f. 1852, d. 1852

Lars f. 1853, til Amerika 1874

Thor f. 1855, i 1875 var han tenestedreng i Trælviken, til Amerika 1878

Tursletten vart i 1879 tilbygsla Ole Storsteinrusten til underbruk på betingelse av at det ikkje vart bygd der. Tursletten vart skyldsett som gnr. 98, bnr. 2 i 1912 og kongeleg skjøte til Knut Storsteinrusten for kr 50,- er frå 1913. Av skjøtet går det fram at bruket ikkje har bruksrett i statsalmenninga og har ellers same forutsetning om at det ikkje vart bygd der. Son til Knut, Peder Rusten brukte ei tid Tursletten saman med Rustøygard i Garmo.

Etter 1879 var Tursletten altså underbruk til Storsteinrusten og det var ikke hus eller folk der før Torvald Biløygard bygde der ca. 1970. Bruket vart kjøpt frå Ingeborg Sagrusten i 1969. Torvald og kjerringa Mari f. Trælviken budde der ca. 10 år da dei flytte til dottera i Oslo ca. 1980.

Etter dette er Tursletten seld som feriested til Steinar Holø frå Lom, busett på Otta.

I 1875 var det i Tursletten 4 sauer og 4 geit, medan dei sådde nesten ½ tønne bygg, litt rug og 1 tønne poteter. Ti år før vart det sådd mykje mindre, men da hadde dei ei ku.

*Kjelder: Folketellingar 1865, 1875
Panteregister/grunnbok
Festekontrakter
Utskrifter kyrkjebok for Vågå
Anna Randen: munnleg fortalt
Erling Sagrusten: munnleg fortalt*